

A photograph of a coastal landscape. In the foreground, there are tall, green grasses swaying in the wind. Behind them is a body of water, possibly a fjord or a bay, with a distant shoreline featuring trees and buildings under a clear sky.

# Etisk reglement for tilsette og folkevalde i Radøy kommune

Vedteke av Radøy kommunestyre 2009



Føremålet med reglementet er å skapa medvit om haldningar og etiske verdiar og dermed styrkja innbyggjarane sin tillit til administrasjon og politikk i Radøy kommune



# Etisk reglement

Den einskilde tilsette og folkevalde har eit sjølvstendig ansvar for å setje seg inn i og følgje opp gjeldande etisk reglement. Næraste leiari har i oppgåve å gjere kjent det etiske reglementet.

Radøy kommune legg stor vekt på vere reileg, ærleg og synetrettferd. Folkevalde og tilsette skal vise tillit og openheit i all si framferd. Både folkevalde og tilsette har ansvar for å etterleve desse prinsippa. Folkevalde og tilsette skal vere seg bevisst at dei dannar grunnlaget for innbyggjarane sin tillit og deira haldning til kommunen. Dei skal difor ta aktivt avstand frå og kjempe mot ein kvar uetisk forvaltningspraksis og handling på vegner av Radøy kommune.

Som forvaltarar av innbyggjarane sine felles middel, vert det stilt spesielt strenge krav til den einskilde medarbeidar sine etiske haldningar i kvar enkelt verksemد i kommunen.

Baktaling, mobbing, vald, truslar, sjikanering, kjønnstrakassering eller anna utilbørleg åtferd skal ikkje førekoma; korkje ovanfor eller i omtale av medarbeidrarar, folkevalde, innbyggjarar eller andre brukarar.

## 1. Lojalitet

Radøy kommune vil leggja stor vekt på lojalitet. Med lojalitet forstår me at folkevalde og tilsette:

- følgjer lover og føresegner med meir som er fastsette av overordna, sentrale styresmakter
- følgjer reglar, reglement og instruksar som Radøy kommune har fastsett med heimel i sentrale lover og føresegner med meir
- til ei kvar tid er merksame på og har for auga tilhøve som kan ha uheldige verknader i høve til kommunen sitt ålmenne omdømme eller tillit mellom folk
- forvaltar kommunen sine verdiar og interesser til beste for samfunnet
- viser kolleger, over- og underordna respekt i omtale og handling.

## 2. Informasjonsplikt og teieplikt

I all sakshandsaming og verksemd skal me leggja vekt på å få fram fullstendig, korrekt og sakleg informasjon som grunnlag for dei avgjelder som skal takast. Dette gjeld òg munnleg informasjon gitt i møte eller liknande.

Forerulege opplysningars som kommunen får i samband med handsaming av saker, må respekterast og ikkje nyttast til personleg vinning eller til skade. Teieplikta gjeld òg etter at ein har slutta i kommunen, anten som folkevald eller tilsett.

### 3. Mynde

Mynde gjeve gjennom verv som folkevald, gjennom andre kommunale tillitsverv eller i kommunale arbeidstilhøve, skal nyttast til sitt føremål.

Mynde skal ikkje nyttast for å oppnå personlege føremoner, personleg vinning eller for å fremja personlege interesser.

Mynde skal nyttast med særleg varsemd overfor dei som har små ressursar og som vanskeleg kan hevda sine rettar. Mynde må ikkje nyttast til openberr ulikehandsaming.



## 4. Økonomiske og andre føremoner

Tilsette og politikarar må

- ikkje ta mot gåver, provisjon, tenester eller andre ytingar for oss sjølv eller andre som kan oppfattast som påverknad i samband med tenesteyting, saksutgreiling, innkjøp eller liknande
- unnatak frå dette vil vere gåver som har liten økonomisk verdi, til dømes reklamemateriell, blomar eller konfekt.
- ikkje motta pengar eller personlege rabattar ved kjøp av varer og tenester.
- kontakte nærmeste overordna dersom ein er i tvil om handtering av ei gáve
- vera varsame med å ta mot invitasjonar til reiser (gratisreiser og liknande) utan på førehand å ha vurdert konsekvensane med overordna. Deltaking i eventuelle gratisreiser/seminar skal skje med utgangspunkt i fagleg utbytte
- ikkje nytte kommunalt utstyr som bilar, tilhengarar, maskinpark, telekommunikasjon og annan kommunal eigedom til privat bruk
- I nokre særskilde tilfelle kan det gjerast unntak. Slik bruk må ikkje vere til ulempe for kommunal bruk. Dette må i tilfelle vurderast av einingsleiar. Ved utlån av kommunalt utstyr skal den tilsette betale for utgifter og eventuelle skader. Leigepris kan avtalast med einingsleiar.

## 5. Interessekonflikt

Det er viktig å unngå situasjonar og aktivitetar som kan føra til konflikt mellom kommunale og personlege interesser.

Døme på slike mogelege interessekonfliktar

- Forretningssamband eller andre liknande bindingar med tidlegare arbeidsgjevar eller arbeidskolleger
- Løna ekstraarbeid som kan verka inn på eige arbeid i Radøy kommune
- Familiære eller andre sosiale samband, til dømes som lærar/leiar/pleiar for nært familiemedlem

## 6. Biintekter og foredrag

Tilsette som får førespurnad om, eller på eige initiativ ynskjer å halde foredrag knytt til eige arbeidsfelt, skal avklare dette med nærmeste overordna. Dersom førebuingar og gjennomføring er lagt til normal arbeidstid, er det som hovudregel Radøy kommune som skal fakturere honorar for foredrag.



## 7. Varsling

Radøy kommune ynskjer å leggje vekt på ein open kultur der det vert oppmoda til dialog om etiske dilemma. I ein slik kultur kan varslarar bidra positivt til vidare utvikling av kommunen. Det vert samstundes erkjent at openheit og varsling i eigne rekkjer er vesentlege moment både for å hindre og avdekke korrupsjon og andre kritikkverdige forhold.

I motsett fall, ved manglande kultur for openheit, kan det vere at varslaren ser seg nøydd til å ta opp saka utanfor vanleg kommunal saksgang.

### Prinsipp for kommunen si ordning med varsling

- Alle varsel skal takast på alvor og undersøkjast
- Kritikkverdige forhold må endrast eller stoppast
- Openheit og ærlegdom er viktig
- Kommunen treng arbeidstakarar som seier frå
- Alle saker skal i hovudsak takast opp med nærmeste leiar
- Den som varslar skal takast i vare på ein god måte
- Den eller dei det vert varsla om har krav på rettstryggleik

Med kritikkverdige forhold meiner vi brot på lover/reglar, allmenne etiske normer og interne reglar/reglement. Den som oppdagar kritikkverdige forhold varslar sin nærmeste leiar på eige skjema for varsling (sjå HMT-permen). Leiar undersøkjer, følgjer opp og skal alltid melde attende til varslaren om kva som har vore gjort i saka. Dersom varslaren har ein god grunn til å gå utanom sin nærmeste leiar, kan det varslast til overordna leiar, rådmann eller ass. rådmann. Det kan også varslast til tillitsvalde eller verneombod, som tek saka opp med nærmeste leiar eller rådmannen.

Det er viktig å presisera at varsling ikkje omhandlar den einskilde arbeidstakar sine eigne arbeidsvilkår, lønsspørsmål eller andre område der tillitsvalde og verneombod vil vere naturlege samhandlingspartnarar for kommunen. Forsvarleg varsling vil med andre ord seie å fortelje om kritikkverdige forhold som rammar andre arbeidstakarar eller brukarar.

## 8. Brot på reglementet

Ved brot på det etiske reglementet vil forma det skal reagerast på bli vurdert i kvart enkelt tilfelle. Ved straffbare tilhøve vil saka bli meld til politiet. For mindre brot vil reaksjonsforma vere tenestemessig tilrettevising eller åtvaring.



RADØY  
den grøne øya

Tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle